



Ha eldre med i listetoppen!

Eldreombudet oppfordrar partia til å ha eldre kandidatar med i toppen av listene til kommunestyre- og fylkestingsvalet i 2023.

Eldre utgjør ein stadig større del av folket. Over ein million nordmenn er no alderspensjonistar. I god demokratisk ånd er det viktig at eldre er godt representerte i politikken. Livserfaringa, perspektiva og interessene til eldre må kome fram der ressursane blir fordelte.

Dei politiske prosessane og vedtaka blir betre når eit mangfald av stemmer er med. Det er viktig at folkevalde organ speglar breidda i befolkninga – både når det gjeld kjønn, bakgrunn og alder.

Aldersfordelinga i dagens kommunestyre er ulik aldersfordelinga blant dei som har stemmerett. I dag er aldersgruppa 40–69 år overrepresentert i kommunestyra. Dei over 70 år og dei under 40 år er underrepresenterte. Aldersgruppa 70+ er mindre representert enn dei som er under 40. Det viser tal frå Statistisk sentralbyrå.

Eldreombudet vil oppfordre partia til å spørje eldre om å vere kandidatar og å plassere dei i listetoppen. Minst like viktig er det at eldre seier ja når dei blir spurde om å stille til val.

Ved å ha eldre med i toppen av listene vil partia sende eit viktig demokratisk signal: Eldre høyrer med også i lokalpolitikken. Stemmene deira trengst, ikkje berre som veljarar, men som folkevalde òg!

Eldreombudet er eit uavhengig statsorgan som fremmer interessene til eldre på alle samfunnsområde.

Vennleg helsing

Bente Lund Jacobsen
eldreombod